

Velkomne til felles middag på kyrkjelydshuset onsdag 22. oktober frå kl.16.00.



Eter ein ofte middag åleine, er det triveleg å ete i lag med nokon andre. For travle småbarnsfamiliar er det godt å kome til dekket bord og sleppe oppvasken etterpå. Vi inviterer store og små i alle aldrar til middag på kyrkjelydshuset, og til å delta i fellesskapet ein onsdag i månaden.

Middag med ettermiddagskaffi/te serverast i frå kl.16.00. Treffet avsluttast med ein song kl.17.00.

Pris kr. 100,- for vaksne og gratis for barn opptil 12 år. Det er mogleg å betale med Vipps og kontantar. Dagens middag er kjøttpølse med potetball, gulrot, kålrot, poteter og løkfeite.

Påmelding: Ring eller send SMS med antall personar til Gro Hauge Venås mobilnr. 97161071 innan tysdagen før. Gjev beskjed om eventuelle matallergiar.

Alle er hjarteleg velkomne!

Arr. Kyrkja i Surnadal